



Førde sentralsjukehus
Helse Førde

Adresse: 6807 Førde
Telefon: 57 83 90 00
Telefaks: 57 83 90 15
E-post: post@helse-forde.no

»Vegvisar i hørsel 2002»

Èit informasjonshefte om lettare hørseltap til det kommunale hjelpeapparatet ved helsestasjonen, PP-tenesta, barnehagen og skulen.

Prosjektnr 2001/0249

Èr lette hørseltap lett?

Sluttrapport etter utsending av ca 400 hefte til helsestasjonar, PP-kontor, barnehagar, grunn- og vidaregåande skular i Sogn og Fjordane:

I september-02 vart 1000 stk informasjonshefte levert frå trykkeriet.

Bruken av heftet i praksis vil vere ein test på om hensikten med prosjektet blir oppnådd. I målsetjinga vår ønska vi å løfte fram barn/unge med lettare hørseltap. Respons vi har fått tyder på at heftet dekkar eit område som det finst lite skriftleg informasjon om, og at heftet gjev oversiktlege og viktige råd for tilrettelegging for denne gruppa.

Vi har hatt godt samarbeid hørsselfagfolk og Foreldrelaget imellom. Prosjektsummen var knapp i forhold til å dekke mange nok arbeidsmøte, men vi er rimeleg fornøgde med at Foreldrelaget sine synspunkt er tydelege og synleggjorte i heftet, og ikkje forsvinn i mengda av fagleg informasjon.

Innspele frå mottakargruppa, referansepersonar og styringsgruppa var nyttige og gav retning til vidare vektlegging ettersom heftet tok form.

Arbeidet med heftet hadde eit innebygd imperativ om å sjå ting i samheng mellom hørsselfaglege instansar og lokalt hjelpeapparat, og på denne måten har vi fått justert prosedyrer/rutinar for korleis arbeide med enkeltsaker.

I styringsgruppemøte mai-02 sa Hørselsentralen v/Helge Hagen og Vestlandet kompetansesenter v/Siv Hillesøy seg villige til å betale porto til utsending over deira ordinære budsjett – viss det vart behov for ekstra midlar. I nov-02 fekk vi ideen til å sende ut plakatar til markedsføring – saman med informasjonshefta. Vi fekk då klarsignal frå våre arbeidsgjevarar til å disponere restsummen til plakatar istadenfor å bruke den til porto. Saman med hefta sende vi såleis ut A-3 plakatar til helsestasjonane og PP-kontora i

fylket. Barnehagane og skulane fekk plakatar i A-4format. Dette for at det skal vere lettare å gjere merksam på heftet sin eksistens.

Audiopedagogtenesta/VKS planlegg å bruke informasjonsheftet i kursopplegg om lettare hørseltap for foreldre og pedagogar.

På Hørselsentralen vil heftet vere til utdeling for foreldre med nyoppdaga tunghørte barn. Hørselshemmedes Landsforbund har motteke 75 hefte frå oss og vil sende ut til alle landets hørselsentralar – saman med informasjonen om at lokal tilpassing er muleg. Dei sender også heftet til foreldreforeningane i HLF.

Heftet er lagt ut på internett på statped.no / helse-forde.no / hlf.no

Vi imøteser med spenning om heftet blir det nyttige kartet - som vi ønskjer - for foreldre som er ukjende i hørsel terrenget.

Det ligg også ei utfordring i heftet til alle oss fagfolka om å gjennomføre eit godt samarbeid i kvar enkelttilfelle.

Benny Andersen, dansk forfattar og opphavsmann til baksidediktet, har gitt " med glæde min tilladelse med tilbagevirkende kraft. Tak for det fine og spændende hefte som jeg vil give videre til en kær, tunghør veninde. PS. Og ideen med den gennemgående mariehøne er jo simpelthen perfekt!" Hyggeleg tilbakemelding frå Danmark!

Hørselsentralen Førde sentralsjukehus 10.12.02

For prosjektgruppa


Anne Britt N. Losnegård
prosjektleiar


Jorunn Skogen
prosjektmedarbeidar

Kopi til

Astrid Olaus Nesbø

Anne Britt Klingenberg

Siv Hillesøy

Signe Hjelmeland

Helge Hagen

Steinar Birkeland

Fylkeslegen i Sogn og Fjordane

Foreldrelaget for hørselhemma barn

Foreldrelaget for hørselhemma barn

Vestlandet kompetansesenter

Hørselsentralen FSS

Hørselsentralen FSS

HLF